



Eva Haugland i Uskedal Helselag er engasjert i saka og gjer eit stort arbeid med å få til kreftkafe som eit varig tiltak.

Tysdag i denne veka var det ny samling i Gamleskulen, det som har fått namnet Kreftkafe. Det er andre gongen Uskedal helselag inviterer kreftsjuke, pårørnde og andre interesserte til ei samling om ei viktig sak. Eva Haugland er pådrivaraen. Ho helsa velkomen og informerte om kor viktig det er å møtast for erfaringsutveksling og det å få støtte når sjukedomen rammar.

Fleire kreftsjuke var til stades. Kreftkoordinator Marit Sjøvangen var med for å svara på eventuelle spørsmål. Helselaget håpa på større oppmøte, med det var fleire konkurrerande arrangement i kommunen denne kvelden.

Dei som kom, let svært vel over tiltaket. Dei koste seg med god prat til kaffi, te og kaker. Marit Sjøvangen orienterte om kreftarbeidet i kommunen. Ho hadde med nokre brosjyrar til utdeling.

Ola Gunnar Hjelmeland orienterte om Stafett for livet i Odda i 2020, eit samarbeid mellom Kreftforeningen og

Odda kommune. Stafetten går fleire stader i landet over 24 timar, frå klokka 12.00 laurdag til klokka 12.00 søndag. Dato ikkje fastsett, men truleg vert det i mai månad. Den vert utvida til fleire kommunar for kvart år. Målet er å samla inn pengar til kreftsaka. Ein undrar seg på kvifor Kvinnherad kommune slutta av samarbeidet med kreftforeningen. Vart det for dyrt? Kan ein melda seg inn på nytt?

Det vert ny kreftkafè til hausten.

Dersom de har emne de ynskjer å ta opp/ foredragshaldarar de har lyst å høyra, kan de koma med ynskje til Uskedal helselag v/skrivar. Vi vil sjå kva vi kan få til.

Tekst: Eli Roseth Eik/Kristian Bringedal

Foto: Klara Bakke

Nett: Kristian Bringedal